



Norges Fiskarlag

Fiskeridirektoratet

Dykkar ref.	Vår ref.	Sakshandsamar	Dato
		Britt Sæle Innebø, 454 76 360	23.09.2024

Regulering av fisket etter norsk vårgytende sild i 2025

Styret i Sør-Norges Fiskarlag behandla ovannemnde sak i sitt møte 18.-19.09.2024, og gjorde følgjande vedtak:

Styret i Sør-Norges Fiskarlag ser det som viktig at kvotefleksibilitetsrekneskapet er ferdig snarast mogleg når ein startar på nytt år, spesielt for fisket etter norsk vårgytande sild då fisket har sesong frå starten på året. Ein føreset at kvotefordeling etter sildestigen blir gjeninnført frå 2025.

Ringnot

Styret i Sør-Norges Fiskarlag føreset at ringnotgruppa blir regulert som tidlegare år med faste kvotar.

Trål

Styret i Sør-Norges Fiskarlag føreset at trålgruppa blir regulert som tidlegare år med faste kvotar.

Kyst – open gruppe

Styret i Sør-Norges Fiskarlag meiner at kvantumet til open gruppa må vere ein kvote, ikkje eit avsett kvantum. Ein vil presisere at om den norske kvoten går ned må òg kvoten til open gruppe justerast ned på lik linje, prosentvis.

Kyst – lukka gruppe

Overregulering

I forhold til overregulering i kystgruppa med heimels- og største lengde under 15 m må den fastsetjast ut i frå utnyttinga av kvoten i 2024 (skuggerekneskap).

Kvotesamarbeidsordning

Ein ser det som viktig at den minste flåten har vilkår som gjer at ein kan gjennomføre eit effektivt fiske når fisken er tilgjengeleg langs kysten, og ein meiner dermed at samarbeidsordninga som blei gjennomført i 2022 -2024 for makrell òg må innførast i fisket etter norsk vårgytande sild i 2025 i tråd med uttale frå landsstyret i Norges Fiskarlag, om ikkje ID-kvoteordninga blir innført frå 2025.

Fritak fra låssettingspåbodet

Styret ber om at ordninga blir gjort permanent.

Samfiske

Medlemslag i Sør-Norges Fiskarlag har tidlegare vist til at det er fortsatt nokon få fartøy med heimels- og største lengde over 15 m som tidlegare har samfiska med fartøy med heimels- og største lengde under 15 m, men som ikkje blir fanga opp av gjeldande unntak. Ein ber om at desse fartøya som historisk sett har drive slikt fiske blir innlemma i unntaka.

I tillegg meiner ein at kravet om 20% restkvote med samfiske må fjernast då ein meiner at den er utdatert, jf. Kapittel VII, Samfiske og samføring av pelagiske fangster, § 34, Krav til fartøy som skal drive samfiske i høstingsforskrifta :

Fartøy som har drevet selvstendig fiske i et kalenderår, kan ikke delta i samfiske i samme kalenderår, med mindre fartøyet har minst 20 % igjen av egen kvote hver gang fartøyet skal drive samfiske. (https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2021-12-23-3910/KAPITTEL_9#KAPITTEL_9)

Føringspool-ordninga, kategori 4-fartøy

Styret meiner at skiving av landings-/sluttsetel og rapportering ved føring med kategori 4 - fartøy må gjerast enklare enn i dag.

Fjordliner

Styret føreset, om ein ikkje saman kan kome fram til pelagiske fjordliner, at Sjøtenesta foretar raske vurderingar i høve prøvefiske for fartøy over 15 m, så lenge opning ikkje fører til konflikt med andre fartøygrupper eller uønska bifangst.

Fiske med lys ved definerte elvemunningar

Styret vil peike på at ein finn det svært urimeleg at ein ikkje kan drive fiske med lys etter pelagiske artar inn til definerte elvemunningar, eventuelt 100 m frå dei definerte elvemunningane, så lenge ein ikkje får bifangst av laksefisk eller andre artar utover lovleg bifangst. Vidare er det også utfordrande med forskjellig begrensinger i dei forskjellige fylka og at denne informasjonen ikkje er å finne på til dømes Fiskinfo. Styret ser positivt på at Norges Fiskarlag no i haust har bede om møte med Klima- og miljødepartementet om saka, då det er ei svært viktig sak for den minste kystflåten i vårt område.

Anna

Ad sperreline for sild i den nordaustlege del av Norges økonomiske sone

Styret kan ikkje sjå at det fortsatt er behov for ei slik sperreline då fiskeriforvaltinga via § 21

Stenging av fiskefelt ved fare for neddreping, innblanding mm. kan stenge område med små sild. På bakgrunn av dette ber ein om at den blir oppheva.

Trålfri sone ved Jennegga-Malangsgrunnen

Styret viser til vår uttale av 26.06.2024 vedkomande «Fisket etter norsk vårgytande sild – trålfri sone ved Jennegga-Malangsgrunnen (høstingsforskrifta)» der ein m.a. uttalte:

Ein ber om at det blir sett ned ei arbeidsgruppe for å sjå på om ein kan; korte ned på perioden området er stengt for trålfartøy, avgrense området, prøveordning med rapportering til FMC/Kystvakten viss ein vil tråle i området (forutsatt at det ikkje blir drive anna fiske i området, som vil bli skadelidande av opninga) m.m.

Styret i Sør-Norges Fiskarlag ber Norges Fiskarlag følgje opp saka snarast.

Kvotefleksibilitet

Styret viser til reguleringa for fisket etter norsk vårgytande sild i forhold til kvotefleksibilitet på fartøynivå (§ 8 – ringnot, § 11 – trål og § 14 – kyst) der ein blir godskrive eller belasta kvantum (inntil 10% av fartøykvote (med unntak)) påfølgjande år ut i frå kva ein har nytta av årets kvote.

Styret meiner på prinsipielt grunnlag at ein må unngå fangst utover 110% på fartøynivå, inklusiv bifangst, då det ved dagens regulering går utover gruppeknoten påfølgjande år samt eventuelt soneadgang for enkeltfartøy inneverande år. Styret meiner at det ikkje skal vere lov å gå på ny tur når ein har tatt 100% av årets kvote. Styret føreslår likevel unntak for fartøy som låsset fangst (umuleg å estimere) og fartøy under 15 m største lengde.

I tillegg må låsset fangst utover 110% kunne overførast til anna (neste) fartøy ved levering. Det vil vere eit ressurs- og miljøsparande tiltak.

Kvoteyteordningar

Styret ser positivt på at ein i marginale fiskeri kan byte fartøykvote, for å vere meir driftseffektiv. Det bør gjelde alle fartøygrupper.

Med helsing
Sør-Norges Fiskarlag

Janita Arhaug
Dagleg leiar

Britt Sæle Instebo
Avdelingsleiar

Kopi: Nord Fiskarlag, Fiskebåt

Brevet er godkjent elektronisk og blir sendt utan handskriven signatur.